

**Kvartalsrapport
pr. 31.03.2021**

KVARTALSRAPPORT PR. 31.03.2021

Resultat

Banken har pr. 31.03.2021 oppnådd ein rentenetto på kr. 14,9 mill. Rentenettoen utgjør i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,54 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr. 23,8 mill. og i prosent av gfk 2,45 %. Rentenettoen i kroner har gått ned med kr 8,9 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Våren 2020 sette Norges Bank ned styringsrenta for å motverke den økonomiske nedturen som følgje av Covid19-pandemien. Luster Sparebank sette også ned sine renter i april 2020. Utlånsrenter vart sett ned meir enn innskotsrenter. Dette har redusert rentenettoen 1. kvartal 2021 i forhold til 1. kvartal 2020.

Eit tapsmerka engasjement vart gjort opp i første kvartal 2020. Dette gjorde at Luster Sparebank kunne inntektsført avsette, ikkje inntektsførte renter på engasjementet på første kvartal 2020. Begge desse elementa forklarar reduksjon i rentenetto pr 31.03.2021 i forhold til same tidspunkt i fjor.

Netto andre driftsinntekter pr. 31.03.2021 er på kr 3,4 mill. som er kr 2,7 mill. høgare enn pr. 31.03.2020.

Netto andre driftsinntekter pr. 31.03.2020 var låge. Verdipapir-marknaden fekk i mars 2020 ein nedtur som følgje av Covid19-pandemien. Dette gjorde at Luster Sparebank ikkje fekk avkastning på rentefonda samstundes som ein måtte måtte kostnadsføre urealiserte tap verdipapirportefølja med kr 2,6 mill.

Sum driftskostnader har gått ned samanlikna med fjoråret.

På tap på utlån og garantiar har ein pr 31.03.2021 kunne inntektsføre kr 0,8 mill. Pr 31.03.2020 var det kostnadsførte tap med kr 4,1 mill.

Pr 31.03.2021 er resultat etter skatt på kr 6,6 mill. mot kr 6,9 mill. på same tidspunkt i 2020.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 31.03.2021 er på kr 3.954,8 mill. Reduksjon i forvaltningskapital siste 12 månader er på kr 122,8 mill. (-3,0 %). Forretningskapitalen som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 31.03.2021 på kr 4.751,8 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 27,8 mill. eller 0,6 %.

Utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.183,6 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 25,9 mill. eller 0,8 %. Utanfor balansen har banken pr. 31.03.2021 overført kr 797,0 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 646,4 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste 12 månader auka med kr 176,5 mill. eller 4,6 %. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 31.03.2021 er fordelt med 27,0 % på næring og 73,0 % på personmarknad og offentleg sektor. På same tidspunkt i fjor var fordelinga 26,3 % på næring og 73,7 % på personmarknad og offentleg sektor.

Innskot frå kundar er bokført med kr 2.907,2 mill. Veksten siste året er på kr 56,4 mill. eller 1,98 %.

Banken har langsiktig lånt inn kr 115,2 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har teke opp obligasjonslån for kr 320,6 mill. Banken si innskotsdekning er 91,3 %. I dette nøkkeltalet er lån overført til bustadkredittselskap halde utanfor.

Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette utlån utgjør kr 68,0 mill. kr. pr. 31.03.2021. Dette er ein auke på kr 15,0 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har gått opp med kr 8,9 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittprofil så langt i 2021.

Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr. 31.03.2021 har banken ein netto ansvarleg kapital på kr 497,6 mill. Heile banken sin netto ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.114,1 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 23,54 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 31.03.2021 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 23,85 %.

Eigarpostar i samarbeidande grupper skal inn i banken sin konsoliderte kapitaldekning. Luster Sparebank har eigarandelar i Verd Boligkreditt AS og Brage Finans AS og desse må konsolideras. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 21,94 %, kjernekapitaldekning på 22,19 % og ei kapitaldekning på 22,53 %.

Utsiktene for resten av året

Ringverknadane av Covid19-pandemien vil etter styret sine vurderingar prege 2021. Forskjellen mellom utlånsrenter og innskotsrenter er blitt redusert. Dette reduserer inntektene til banken. I blant Luster Sparebank sine kundar er det først og fremst reiselivsverksemdar og serveringsverksemdar som har fått merke konsekvensane av Covid19-pandemien.

Det er viktig å overvake kredittrisikoen i banken si utlånsportefølje og spesielt i engasjementa tilknytt reiseliv og servering. Det er og viktig å halde kontroll på kostnadane slik at ein tilpassar seg ein situasjon med lågare inntekter. Luster Sparebank har hatt ei god resultatutvikling så langt i 2021. Likviditeten er god. Banken har god kapitaldekning. Styret vurderer det slik at banken er godt rusta til å handtere situasjonen Covid19-pandemien har skapt.

Gaupne, 07.05.2021

I styret for Luster Sparebank

Svein Ove Slinde
Styreleiar

Ove Nyland

Siri Johanne Solberg Dalehaug

Anette Stegegjerdet Norberg

Inge Teigen

Oddstein Haugen
Banksjef

RESULTATREKNESKAP

(Tal i heile 1.000)

	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
Renteinntekter og liknande inntekter	19.741	36.548	101.438
Rentekostnader og liknande kostnader	4.793	12.702	32.393
Netto renteinntekter	14.948	23.846	69.045
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	3.569	3.090	15.278
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-574	-313	-2.028
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	1.775	10	6.608
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	-1.357	-2.328	10.104
Andre driftsinntekter	1	276	87
Netto andre driftsinntekter	3.414	735	30.049
Løn og andre personalkostnader	5.290	5.845	19.972
Andre driftskostnader	4.898	5.165	18.518
Ordinære avskrivningar	243	249	1.107
Sum driftskostnader	10.431	11.259	39.597
Tap på utlån, garantiar o.l.	-809	4.144	18.993
Driftsresultat før skatt	8.740	9.178	40.504
Skattekostnad	2.185	2.295	10.326
Resultat etter skatt	6.555	6.884	30.178
Utvida resultat			
Andre inntekter og kostnader	7		-290
Totaltresultat	6.562	6.884	29.888

BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
Kontantar og kontantekvivalentar	71.589	93.328	71.454
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	160.381	340.009	165.529
Utlån til og fordringar på kundar	3.183.585	3.157.718	3.178.855
Rentebærande verdipapir	0	0	0
Obligasjons- og pengemarknadsfond	349.823	305.811	439.930
Aksjar og grunnfondsbevis	142.205	132.536	0
Aksjefond	9.550	3.750	0
Immaterielle eigendeler	91	319	133
Varige driftsmidlar	7.456	4.449	7.573
Eigendeler ved utsatt skatt	4.916	6.789	4.937
Andre eigendeler	25.182	32.877	26.862
SUM EIGENDELER	3.954.778	4.077.586	3.895.273
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	115.157	215.398	65.061
Innskot og andre innlån frå kundar	2.907.221	2.850.791	2.821.436
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	320.615	431.894	400.735
Anna gjeld	17.270	12.043	3.927
Avsetningar	21.901	26.742	37.962
Sum gjeld	3.382.164	3.536.868	3.329.121
Sum egenkapital	572.614	540.718	566.152
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	3.954.778	4.077.586	3.895.273
Garantiansvar	26.136	25.859	25.298
Pantsetjingar	207.719	192.397	207.063
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	797.037	646.355	835.705
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	3.925.026	3.922.200	3.831.043

RESULTATANALYSE

(i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
Renteinntekter og liknande inntekter	2,04 %	3,75 %	2,65 %
Rentekostnader og liknande kostnader	0,50 %	1,30 %	0,85 %
Netto renteinntekter	1,54 %	2,45 %	1,80 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,37 %	0,32 %	0,40 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,06 %	-0,03 %	-0,05 %
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	0,18 %	0,00 %	0,17 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	-0,14 %	-0,24 %	0,26 %
Andre driftsinntekter	0,00 %	0,03 %	0,00 %
Netto andre driftsinntekter	0,35 %	0,08 %	0,78 %
Løn og andre personalkostnader	0,55 %	0,60 %	0,52 %
Andre driftskostnader	0,51 %	0,53 %	0,48 %
Ordinære avskrivningar	0,03 %	0,03 %	0,03 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	1,08 %	1,15 %	1,03 %
Tap på utlån, garantiar o.l.	-0,08 %	0,42 %	0,50 %
Driftsresultat før skatt	0,90 %	0,94 %	1,06 %
Skattekostnad	0,23 %	0,24 %	0,27 %
Resultat etter skatt	0,68 %	0,71 %	0,79 %

ENDRING I EIGENKAPITAL

(NOK 1 000)	Fond for urealiserte gevinster	Sparebankens fond	Gavefond	Eigenkapital
Eigenkapital pr. 01.01.2019	0	441.308	18.700	460.008
Årsresultat	0	30.540	3.000	33.540
Overført til gavefond klassifisert som gjeld			-3.000	-3.000
Eigenkapital pr. 31.12.2019	0	471.848	18.700	490.548
Ny måling av finansielle eigendeler	38.828			38.828
Reklassifisering gåvefond			4.293	4.293
Reduksjon i tapsnedskrivning etter IFRS 9	1.462			1.462
Skatteeffekt på verdiendringar	-21			-21
Eigenkapital pr. 01.01.2020	40.269	471.848	22.993	535.110
Resultat før andre inntekter og kostnader		27.178	3.000	30.178
Poster ført over andre inntekter og kostnader		-290		-290
Totalresultat 31.12.2020		26.888	3.000	29.888
Utbetalt frå gåvefond			-2.314	-2.314
Transaksjonar ved fusjon		3.468		3.468
Eigenkapital pr. 31.12.2020	40.269	502.202	23.679	566.152
Resultat før andre inntekter og kostnader		6.555		6.555
Poster ført over andre inntekter og kostnader		7		7
Totalresultat 31.03.2021		6.562	0	572.714
Utbetalt frå gåvefond			-100	-100
Eigenkapital pr. 31.03.2021	40.269	508.764	23.679	572.614

NOTEOPPLYSNINGAR

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap er utarbeida i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak".

Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:

- 1) IFRS 13. Det blir istaden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskriften § 7-3.
- 2) IFRS 15.113-128
- 3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i henhold til gjeldande IFRS standarder og IFRIC fortolkningar.

Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap og bør leses i sammenheng med årsrekneskap for 2020.

Rekneskapsprinsipp beskrevet over er blitt nytta ved utarbeiding av åpningsbalanse etter IFRS.

Vi viser til note 20 i årsrapport for 2019 som syner banken sin åpningsbalanse etter IFRS og effektane av denne overgangen.

Viktige rekneskapestimat og skjønnsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfeller må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønnsmessige vurderingar.

Estimat og skjønnsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og forutsetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sansynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytta usikkerhet til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for anvendte estimat og skjønnsmessige vurderingar. I årsrekneskapet er det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.

NOTE 2 UTLÅN TIL KUNDAR

	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
Personkunder	2.316.593	2.314.097	2.308.760
Offentleg sektor	15.006	17.874	14.987
Finans og andre sektorar	19.240	16.493	12.063
Næring			
- Primærnæring	136.021	137.248	142.969
- Industri	39.387	50.039	57.653
- Kraftproduksjon	33.722	35.462	34.555
- Bygg og anlegg	172.713	109.623	112.633
- Handel	53.332	43.736	49.782
- Hotell og restaurantdrift	61.921	67.833	59.781
- Transport	32.019	32.487	31.848
- Eigedomsdrift	286.544	293.954	320.571
- Andre tjenesteytande næringar	53.000	65.912	70.372
- Interesseorganisasjonar	967	965	957
Sum utlån før nedskrivningar	3.220.465	3.185.723	3.216.931
Trinn 1 nedskrivningar	-6.403	-3.997	-5.698
Trinn 2 nedskrivningar	-2.853	-1.495	-2.531
Trinn 3 nedskrivningar	-295	-1.673	-2.434
Individuelle nedskrivningar	-28.705	-21.236	-28.782
Tilbakeførte nedskrivningar trinn 1 på lån som kan selges til Verd Boligkreditt AS (lån til personmarknaden)	1.376	396	1.369
Sum utlån til og fordringar på kunder	3.183.585	3.157.718	3.178.855
Overført til Verd Boligkreditt AS	797.037	646.355	835.705
Totale utlån	3.980.622	3.804.073	4.014.560

Fordeling av utlån til kunder utifrå om utlån er vurdert til amortisert kost eller til verkeleg verdi

	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
Amortisert kost			
Næringslivskunder	869.626	837.259	881.121
Offentleg sektor	15.006	17.874	14.987
Finans og andre sektorar	19.240	16.493	12.063
Nedskrivning trinn 1	-5.027	-2.900	-4.354
Nedskrivning trinn 2	-2.617	-1.324	-2.301
Nedskrivning trinn 3 modellbasert	-294	-1.616	-2.375
Nedskrivning trinn 3 individuelle	-28.400	-21.420	-28.478
Sum utlån vurdert til amortisert kost	867.534	844.366	870.663
Verkeleg verdi			
Personkunder	2.316.593	2.314.097	2.308.760
Nedskrivning trinn 1	-1.376	-1.097	-1.369
Nedskrivning trinn 2	-236	-171	-206
Nedskrivning trinn 3 modellbasert	-1	-56	-59
Individuelle nedskrivningar	-305	-518	-305
Tilbakefører trinn 1 då verkeleg verdi av utlån er definert som utlån til amortisert kost + nedskrivning trinn 1	1.376	1.097	1.369
Sum utlån vurdert til verkeleg verdi	2.316.051	2.313.352	2.308.190

Trinn 1 personkunder 01.01	1.369
Trinn 1 personkunder 31.03	1.376
Endring resultatføres i utvida resultat	7

Utlån vurdert til amortisert kost	867.534	844.366	870.663
Utlån vurdert til virkeleg verdi	2.316.051	2.313.352	2.308.190
Sum utlån til og fordringar på kundar	3.183.585	3.157.718	3.178.853

MISLEGHALD OG TAPSUTSETTE, NEDSKRIVING PÅ UTLÅN

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
Misleghald næringlivskundar	40.115	17.280	40.921
Misleghald personkundar	783	2.280	4.196
Brutto misleghaldne engasjement	40.898	19.560	45.117
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	23.954	8.465	24.185
Netto misleghaldne engasjement	16.944	11.095	20.932

Engasjement som er tapsutsett men ikkje misleghaldne

	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	27.139	33.524	26.367
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	4.752	12.771	4.597
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	22.387	20.753	21.770

NEDSKRIVING ETTER IFRS 9

Pr 31.03.2021

	Steg 1 Modellbasert 12 mnd. tap	Steg 2 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Individuelt vurdert	Sum ned- skrivningar
Individuell nedskrivning	0	0	0	28.706	28.706
Utlån og kredittar til kundar	6.403	2.853	295	0	9.551
Unyttta kredittar til kundar	169	92	0	0	261
Garantiar til kundar	123	54	46	0	223
Innskot/fordring på kredittinstitusjon	0	0	0	0	0
Sum nedskrivningar	6.695	2.999	341	28.706	38.741
Bokført som reduksjon eigendeler	6.403	2.853	295	28.706	38.257
Bokført som auke annan gjeld	292	146	46	0	484
Sum nedskrivningar	6.695	2.999	341	28.706	38.741

ENDRING I NEDSKRIVING ETTER IFRS 9

	Steg 1 Modellbasert 12 mnd. tap	Steg 2 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Individuelt vurdert	Sum ned- skrivningar
Nedskrivningar 01.01.2021	5.973	2.635	2.506	28.782	39.896
Overføringer:					
Overført til trinn 1	1.789	-579	-1.210	0	0
Overført til trinn 2	-204	764	-560	0	0
Overført til trinn 3	-6	0	6	0	0
Netto endring	-1.121	59	-229	222	-1.069
Nye tap	885	103	0	0	988
Frårekna tap	-630	-129	-172	0	-931
Konstatert tap	0	0	0	-298	-298
Inngått på tidligare konstaterte tap	0	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametre	9	146	0	0	155
Andre endringar	0	0	0	0	0
Nedskrivningar 31.03.2021	6.695	2.999	341	28.706	38.741
Bokført som reduksjon eigendeler					38.257
Bokført som auke annan gjeld					484
Sum nedskrivningar 31.03.2021					38.741

NOTE 3 VERDIPAPIR

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir. Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsverdiar. Banken verdsetter børnoterte aksjar og fond etter denne metoden

Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata. Pr 31.13.2020 har ikkje banken verdipapir som blir verdsett etter denne metoden.

Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett verdipapira til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

Verdipapir pr 31.03.2021

	Antall	Verkeleg verdi (i heile 1000)	Verdsettjingshirarki		
			Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Pengemarkedsfond					
DNB Likviditet iV	49.614	50.140	50.140	0	0
Holberg Likviditet	539.159	55.026	55.026	0	0
Odin Likviditet	34.972	35.053	35.053	0	0
Pareto Likviditet	1.892	1.886	1.886	0	0
DNB European Covered Bonds	115.930	81.809	81.809	0	0
DNB Global Treasury	57.025	52.269	52.269	0	0
Dnb OMF	73.379	73.641	73.641	0	0
Sum obligasjons og pengemarknadsfond		349.823	349.823	0	0

Aksjar og grunnfondsbevis

Balder Betaling AS	159.789	3.768	0	0	3.768
Brage Finans AS	2.603.044	34.568	0	0	34.568
DNB Bank ASA	15.942	2.909	2.909	0	0
Eiendoms kreditt AS	99.222	15.065	0	0	15.065
Frende Holding AS	38.324	19.842	0	0	19.842
Gjensidige Forsikring ASA	11.193	2.243	2.243	0	0
Lerum Brygge AS	4.000	2.000	0	0	2.000
Luster Energiverk AS	1.359	17.667	0	0	17.667
Norne Securities AS	137.759	270	0	0	270
Verd Boligkreditt AS	36.422	40.847	0	0	40.847
Visa		1.202	0	0	1.202
Kredittforeningen for Sparebanker	460	556	0	0	556
Sogn Sparebank	7.600	769	769	0	0
Andre aksjer		498	0	0	498
Sum aksjar og grunnfondsbevis		142.205	5.921	0	136.284

Aksjefond

DNB Europa	4.767	845	845	0	0
DNB Global (II)	32.828	4.008	4.008	0	0
DNB Norden	424	1.768	1.768	0	0
Odin Emerging Markets	2.523	892	892	0	0
Odin Europa	3.863	805	805	0	0
Odin Norden	322	1.232	1.232	0	0
Sum aksjefond		9.550	9.550	0	0

Avstemming

	Nivå 3
Inngående balanse 01.01	131.551
Realisert vinst/tap	0
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet	-1.017
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat	0
Investering	5.750
Salg	0
Utgående balanse	136.284

NOTE 4 INNSKOT FRÅ KUNDAR FORDELT PÅ SEKTOR OG NÆRING

	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
Lønstakarar	2.165.228	2.057.572	2.123.634
Offentleg sektor	164.569	126.211	118.563
Finans og andre sektorar	105.174	90.143	102.989
Næring			
- Primærnæring	76.947	84.183	56.655
- Industri	25.883	13.573	16.608
- Kraftproduksjon	19.703	26.749	22.461
- Bygg og anlegg	103.021	81.619	94.552
- Handel	36.217	40.453	48.301
- Hotell og restaurantdrift	24.163	20.641	28.099
- Transport	8.850	14.297	9.371
- Egedomsdrift	97.124	206.892	88.792
- Andre tjenesteytande næringar	73.326	77.182	99.749
- Interesseorganisasjonar	7.016	11.276	11.662
Sum innskot	2.907.221	2.850.791	2.821.436

NOTE 5 INNLÅN FRÅ KREDITTINSTITUSJONAR OG FINANSMARKNADEN

Innlån frå kredittinstitusjonar	31.03.2021			
	Opptak	Forfall	Pålydande	Bokført verdi inkl renter
Kredittforeningen for Sparebanker	23.11.2017	17.09.2021	35.000	35.016
Kredittforeningen for Sparebanker	16.01.2020	10.02.2023	30.000	30.045
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	50.000	50.096
Sum gjeld til kredittinstitusjonar			115.000	115.157
Obligasjonar notert på Nordic ABM				Bokført verdi
ISIN-nr	Opptak	Forfall	Pålydande	inkl renter
NO0010791643	27.04.2017	27.04.2021	60.000	60.135
NO0010813967	11.01.2018	11.01.2022	70.000	70.186
NO0010822018	04.05.2018	04.05.2022	80.000	80.147
NO0010835333	01.11.2018	01.11.2022	60.000	60.115
NO0010873573	24.01.2020	24.08.2023	50.000	50.093
Over/underkurs				-61
Sum obligasjonar			320.000	320.615

NOTE 6 ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV

	31.03.21	31.03.20	31.12.20
Eigenkapital	572.714	540.928	566.152
- Fradrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert	-6.562	-6.884	
- Frådrag	-68.523	-41.604	-68.130
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	497.629	492.440	498.021
Engasjementskategoriar (vekta beløp)			
Statar og sentralbankar	0	0	12.290
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	3.009	20.555	3.005
Offentleg eigde foretak	12.290	0	0
Institusjonar	30.365	34.698	31.216
Foretak	107.238	69.123	70.851
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.501.657	1.401.696	1.398.773
Forfalte engasjementer	36.929	267.376	219.114
Høgrisiko	119.946	0	48.981
Obligasjonar med fortrinnsrett	0	7.083	0
Andeler i verdipapirfond	47.721	54.178	38.634
Eigenkapitalposisjonar	82.985	59.745	78.793
Øvrige engasjement	7.902	190.844	25.143
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	1.950.042	2.105.298	1.926.800
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko etter basismetoden	164.095	151.427	164.095
Sum berekningsgrunnlag	2.114.137	2.256.725	2.090.895
Kapitaldekning i prosent	23,54 %	21,82 %	23,82 %
Kjernekapitaldekning i prosent	23,54 %	21,82 %	23,82 %
Rein kjernekapitaldekning i prosent	23,54 %	21,82 %	23,82 %

KONSOLIDERING AV SAMARBEIDANDE GRUPPER

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.

Banken har eigarandel på 6,94 % i Verd Boligkreditt AS og 1,59 % i Brage Finans AS.

	31.03.21	31.03.20	31.12.20
Konsolidert rein kjernekapital	566.862	530.839	562.737
Konsolidert kjernekapital	573.323	537.381	569.198
Konsolidert kapitaldekning	581.926	546.096	577.793
Konsolidert beregningsgrunnlag	2.583.404	2.627.785	2.520.765
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	21,94 %	20,20 %	22,32 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	22,19 %	20,45 %	22,58 %
Konsolidert kapitaldekning	22,53 %	20,78 %	22,92 %

BANKEN SINE KAPITALKRAV

Minstekrav kjernekapital	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %
Systemrisikobuffer	3,00 %
Motsyklisk buffer	1,00 %
Krav til rein kjernekapitaldekning	11,00 %
Krav til kjernekapitaldekning	12,50 %
Krav til kapitaldekning	14,50 %
Banken si vurdering av Pilar 2-kravet	1,90 %

BANKEN SINE KAPITALMÅL

Banken er ikkje underlagt Pilar 2-krav frå Finanstilsynet.

Sett i samanheng med forventa finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital og kapitaldekning på konsolidert nivå.

Mål for rein kjernekapitaldekning	16,00 %
Mål for kjernekapitaldekning	17,00 %
Mål for kapitaldekning	19,00 %

NOTE 7 LIKVIDITET

	31.03.21	31.03.20	31.12.20
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	137,0 %	186,0 %	160,0 %